

NyttiOs.com

NYHET, SPORT

Nystartet orienteringsklubb starter serie

JANUAR 22, 2015 | JPSTUDIO



(<https://lokalen.wordpress.com/2015/01/22/nystartet-orienteringsklubb-starter-serie/#more-38835>)Os Orienteringsklubb (Os Ok) arrangerer sitt første treningsløp til helgen.

– Laurdag startar Os-serien, ein serie med treningsløp i orientering. Os Orienteringsklubb ønskjer alle interesserte velkommen til start, seier Marie Pontoppidan i ein pressemelding

Den nystarta klubben Os Orienteringsklubb (Os Ok) arrangerer sitt første treningsløp laurdag 24.01 kl. 11.00.

– Løpet startar på Os Ungdomsskule og er eit uformelt løp i lett terreng. Løpet passer ypperleg for nybegynnarar, unge som eldre, også barn med foreldre er velkomne. Det er ikkje ei forutsetning å ha kjennskap til kart og kompass, sidan det er erfarne løparar til stades som vil hjelpa interesserte.

Påmelding kan sendast til mariepontoppidan@hotmail.com, prisen er kr 30, og inkluderer kart. Etterpåmelding ved start er mulig så lenge vi har kart, men vi ønskjer forhåndspåmelding slik at vi har nok kart.

Treningsløpet inngår i Os-serien som fortsetter laurdag 21.02 og deretter vidare utover våren i Os.

– Vi spring utvalgte laurdagar fram til 26. mars, og deretter kvar torsdag.

Orientering er ein flott idrett med utfordringar for både fysikk og hjerne.

– Kombinasjonen gjer sporten spesiell. Mange vil nok tru at løparane held til djupt inne i skogen, men ofte er det også løp i meir urbant terreng. Heile sommarhalvåret er det vekselvis løp i skogen og i urbant terreng i Bergensregionen. I tillegg vil det bli torsdagstreningar med Os Orienteringsklubb når ettermiddagslyset er tilbake.

Ein del løparar spring og nattløp.

– Sist onsdag var Os Orienteringsklubb representert for første gang på nattløp på Dyngelandsåsen i Fana. Her stilte 116 hordalandsløparar til start med hovudlykt. Deriblant vår eigen Tommy Sævareid som klarte ein 23. plass i sin klasse.

© Følg meg

About these ads
(<http://wordpress.com/about-these-ads/>)

Følg “NyttiOs.com”

Bygg din webside på WordPress.com